



Utsikt mot sentrale delar av Uskedalen frå Englafjell

I morgon klokka 19 er det eit viktig møte på Gamleskulen. Dialogforumet i Uskedalen Utvikling inviterer bygdefolket til ein idedugnad om saker som kan vera særleg aktuelle i eit valår.

Bjørn Olav Tveit strekar under at alle er velkomne, ikkje minst listekandidatar frå Uskedalen. Dei er det gledeleg mange av foran dette valet. Det er grunn til å håpa på at 5 blir innvalde. 4 herifrå vart valde for 4 år sidan.

Som stikkord for saker som kan og bør bli drøfta i morgon kveld nemner arrangørane næringsutvikling, trafikksikring, stadanalyse, sentrumsutvikling, skule og oppvekst og frivillig arbeid og lagsdift.

Men lista kunne forlengjast og blir det sikkert også fram til valet. Det kan og bør koma nye saker på bordet allereie i morgon kveld. Difor er det viktig at mange møter fram og kjem med innspel.

Kva saker som bør løysast er uskedelingane eigentleg opptekne av? Det veit vi lite om.

Av Ola Matti Mathisen